

Hogne Straume  
Straumsvegen 9  
5939 Sletta

Straume, 18.05.2020

Alver kommune v/Kjartan Nyhammar  
Kvernhusmyrane 41  
5914 Isdalstø

### **Høyrings sak hjorteviltforvaltning med frist 28.d.m.**

#### **Presisering og subsidiert forslag**

Eg viser til brev av 15. d.m. og vil fyrst presisera: Mitt forslag er at det vert teke eit ekstraordinert uttak med 80 felte hjortar som ordiner jakt, kvart år, i Nordangervågen hjortevald. Dette for å henta inn att etter for svakt uttak dei siste 6 år. Dette må søkjast om som ei spesialordning for denne situasjonen . Det held me fram med til dess stammen har kome ned på eit nivå som me som fôrproducentar kan leva med på forsvarleg vis. Då føreslår eg eit bestandsmål på 80 overvintrande dyr. Dersom det ikkje let seg gjera å få naudsynte unntak og dispensasjonar for eit slikt tiltak, føreslår eg følgjande: Gardane Soltveit gnr414, Nordanger gnr. 415, Mjøs gnr. 416 og Straume gnr. 493 vert teke ut som ei eiga sona. Dette kan forsvarast ut ifrå dei kriterium og utfordringar som me har her, og som eg gjekk igjennom i brevet av 12.d.m. Minsteareal for den sona føreslår eg sett til 300 daa. Ved å bruka 50% regel på det arealet går det og an å ta ut 80 dyr kvart år. Då har kommunen eit verkemiddel og verktøy dersom ein tilsvarande situasjon som den me har no skulle oppstå i framtida. Samans med vårteljningane vil dette kunna igongsetjast effektivt, med kort responstid. Eg seier meg viljug til å vera med på den dugnaden som vårteljningane lyt vera. Dersom det er vanskar med så lite areal, så må det også ved dette forslaget hentast inn naudsynte dispensasjonar og særordningar ut ifrå den situasjonen som har oppstått grunna feil forvaltning over tid.

Vonar sakshandsamarar på landbrukskontoret og dei folkevalde set seg godt inn i saka med tilhøyrande dokument.

Med Helsing

Hogne Straume